

Til foreldre/føresette på Bryne skule

Hei alle

Tenkte det var på tide med ei lita oppdatering og litt info frå skulekvardagen her på Bryne skule.

Ny rektor og ny avdelingsleiar

Eg starta opp som rektor på Bryne skule no etter nyttår. Eg har fått ei veldig god mottaking og opplever ein bra giv og god stemning på skulen. I desse første veke har eg hatt særleg fokus på å bli godt kjent med elevar og tilsette. Eg har besøkt alle klassane og hospitert på alle trinna ein halv skuledag. Veldig kjekt å bli kjent med alle og godt å vera i gang!

I og med at Tore Lunde før jul takka av på Bryne skule så vart det behov for å tilsetta ein ny avdelingsleiar på 5.-7.trinn. Elin Aanestad er no tilsett i den jobben. Ho bur på Ålgård og jobbar i dag som avd.rektor på Undheim skule. Eg ser fram til å få Elin med på laget vårt! Ho startar på Bryne skule den 18.mars.

Trivselsleiarar

Onsdag 24.01 hadde me markering i aula for elevane på 4.-7.trinn som har vore trivselsleiarar. Dei har gjort ein kjempegod innsats for å laga gode friminutt-aktivitetar for heile skulen. Tusen takk for innsatsen!

Arbeid på skulen

I sørbygget er det i gang arbeid med å montera opp ein ny heis. Den gamle heisen har vore i ustand, og no vert den bytta ut med ein ny. Me har ikkje fått endeleg sluttdato for arbeidet, men reknar med at alt skal vera klar om 2-3 vekers tid.

Noko seinare utpå våren vil det starta opp eit arbeid med å oppgradera SFO-kjøkkenet til stor-kjøkken standard. Dette er ei etterlengta oppgradering som me ser veldig fram til å få på plass. Det vil bli litt utfordringar i byggeperioden, men me skal informera og merka godt opp undervegs slik at alt skal gå trygt og godt føre seg.

Foreldreutvalet - FAU

Eg var den 8.januar med på første møte i FAU for våren. FAU hadde i møtet bl.a fokus på dette med skjermtid i skulen (særleg under måltida), og tok opp ei generell bekymring for dette. Ellers jobba utvalet med å planleggja elevkveld for elevane våre. Det blir kjekt!

I neste møte ønsker FAU at eg har ei orientering om skulen sitt arbeid med kartleggings-/nasjonale prøvar og om elev-/foreldreundersøkinga. Viser ellers til referat frå møtet (ligg på heimesida til skulen). Eg ser fram til eit godt samarbeid med FAU til beste for elevane våre!

Ellers er me godt i gang med å førebu oss inn mot tilsettingar for neste skuleår. Søknadsfristen går ut i starten av februar, og det blir viktig både å behalde gode folk og rekruttere inn nye gode folk til Bryne skule.

Ønsker alle ein fin dag og ser fram til samarbeid. Ikkje nøl med å ta kontakt om det er noko du/de ønsker å ta opp med meg/skulen.

Helsing

Jone Siqveland

rektor